



## NYTT FRÅ NYE ØYGARDEN KOMMUNE

### April 2019

30.04.2019

#### Undersøker marknaden for pensjonsleveranse

Fellesnemnda for Nye Øygarden kommune vedtok den 8. april at det skal gjennomførast ei intensjonskunngjering for å få klarlagt om det kan gjerast ei direkte anskaffing i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) eller om val av pensjonsløysing må ut på anbod. Dersom det berre er éin leverandør av slike tenester, kan det gjerast direkte anskaffing utan anbod, det vil seia KLP. Dersom det er fleire likeverdige tilbydarar, må det gjennomførast anbod.



#### Søklarlistar til 25 stillingar

Den 8. april vart søklarlistene til 25 stillingar som assisterande kommunalsjefar, eingingsleiarar og leiarar for stab i Nye Øygarden kommune offentleggjort. Etter planen skal tilsetjingane vera gjennomførte innan 7. mai.

#### Lanserte felles kystpass



Rundt 60 personar hadde funne vegen til Stranda skule og Gitaren den 11. april. Ordførar i Sund, Kari-Anne Landro kunne erklæra lanseringa av felles kystpass. Dette er første gongen at dei tre kommunane står saman om felles kystpass og totalt 30 turmål. Kystpasset er eit turhefte med til saman 30 turar frå nord til sør i kommunane Fjell, Sund og Øygarden. Her finn du mange flotte turopplevingar og nye løyper for store og små, med ulik vanskegrad.

#### Utsette behandling av etiske retningslinjer for Nye Øygarden kommune

Partssamansett utval (PSU) utsette den 23. april behandlinga av etiske retningslinjer for Nye Øygarden kommune. Både dei politisk valde representantane og dei tillitsvalde i PSU gav uttrykk for at det ville vera nyttig å utsetja saka. PSU samla seg dermed om å utsetja saka og leggja ho ut på høyring på nytt med sikte på behandling i PSU den 4. juni og seinare i fellesnemnda.

#### Vil engasjera elevane for Nye Øygarden kommune

Den 24. april var 90 elevrådsrepresentantar og vaksenkontaktar på alle skulane i Sund, Fjell og Øygarden samla på Fjell rådhus for å inspirera kvarandre til engasjement for den nye kommunen. Samlinga var startskotet for tiltaket Elev i Nye Øygarden. Ei arbeidsgruppe sett saman av pedagogar og elevrådsrepresentantar har utarbeidd undervisningsopplegg i fleire fag for hausten 2019 der eit gjennomgåande tema er framtida i den nye kommunen. Skulane i dei tre kommunane vert inviterte til å verta venskapsklasse med ein annan klasse (på same trinn) og å delta i konkurransar.

